# Tambarskjelvar IL - Styremøte 1/2021, 9 februar 2021

Til stades: Sigrid A.Førde, Anne Sofie Berntsen, Frode Solvik, Pål Arve Myklebust, Siss-May Edvardsen.
Fråver: Janne Takset Nøstdal

| Saksnr | Sak | Vedtak |
|---|---|---|
| 1/2021 | Fordeling av større arbeidsoppgåver i styret:<br>- Ansvarleg politiattest (Pål Arve)<br>- Ansvarleg barneidrett<br>- Kasserar (Anne Sofie)<br>- KlubbAdmin (oversikt over alle medlemmar og fakturering av medlemskontingent)<br>- Driftskoordinator Naustdalshallen<br>- Utarbeiding av klubbhandbok<br>- Sunnfjord triatlon arrangementsansvarleg (heile styret) | Vi er samde om å generelt sett dele meir på oppgåvene. Oppgåvene vil verte meir tydelege når vi får på plass klubbhandboka, og då vil det og verte lettare å fordele desse i styret.<br><br>Tysdag 15.februar vert det felles møte i styret for å arbeide oss gjennom KlubbAdmin. Deretter vurderer vi fordeling av denne oppgåva.<br><br>Vi ser at det kan verte vanskeleg å arrangere Sunnfjord Triatlon i full skala. Vi vil arbeide for å finne eit alternativ i høve gjeldande smittevernreglar. |
| 2/2021 | | Budsjett 2021 vil ha nokre justeringar i høve til budsjett 2020, m.a. som følgje av vedtak i sak 1/2021. |
| 3/2021 | Årsmøte 2021, 12 mars, Øvre Kalland | Årsmøtet vert offentleggjort på internettsida vår og FB 10.02.2021. Årsmøtesaker må vere styret i hende 14 dagar før årsmøtet (26.februar). Påmeldingsfrist: 4.mars.<br><br>Årsmeldingar, arbeidsplanar og rekneskap/budsjett frå gruppene må vere styret i hende innan 25.02.2021. Årsmeldingane sendast til Pål Arve (paal_m@hotmail.com og styret@tambarskjelvar.no).<br><br>Forslag til mottakarar av Heiderteikn må meldast styret innan 25.februar (styret@tambarskjelvar.no). |

| | | |
|---|---|---|
| 4/2021 | Æresmedlem<br>Kriterer for æresmedlem vil verte vurdert i arbeidet med Klubbhandboka. Styret har likevel ei intern liste over kandidatar vi meiner bør tildelast eit slikt teikn som takk for langvarig innsats i Tambarskjelvar. | Vi finn det riktig å fordele tildeling av æresmedlemskap på ulike årsmøter, slik at ikkje mange får dette æresteiknet samstundes. Dette meiner vi er i tråd med tradisjonen i Tambarskjelvar. |
| Neste møte: tysdag 15.februar kl 19:00 – Naustdalshallen | | |